



Notat

Dato: 19.05.2015
Arkivsak: 2015/5191-2
Saksbehandlar: oydziem

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesordførar

Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen vedk. læreplassar maritime fag

Fylkesordførar viser til spørsmål frå Aud Karin Oen, Fylkesutvalet, 19. mai 2015

- «1. Kor langt er ein no komen i prosessen med nye lokale til Hordaland teater?
- 2. Kor langt er ein komen i prosessen med lysregulering av Nautnes bru?
- 3. Det vert meldt om stor mangel på læreplassar til sjøs. 500 i heile landet. Kor mange gjeld dette i Hordaland? Kva kan gjerast?**
- 4. I tillegg kjem eg til å spørja eit oppfølgingsspørsmål om Austrheim skule, jmf spørsmålet og svaret i førre fylkesutval. (konkretiseres til måndag).

Situasjonen for læreplassar innan dei maritime faga har vore ei utfordring dei seinare åra. HFK la ned ei klasse ved Rubbestadneset vgs i 2013. Både hausten 2013 og 2014 har vi hatt alternativ slutttopplæring både innan faga matros og motormann. I lærefaget motormann har vi i 2014 fem elevar ved Rubbestadneset vgs og 10 elevar ved Bergen Maritime vgs. Det siste opplegget er organisert i tett samarbeid med Statsraad Lemkuhl. Fylkeskommunen har dei siste åra utvikla desse alternative slutttopplæringstilboda slik at ungdomane skal ha ein sjanse til å bestå fagprøva.

Det er tre store aktørar innan maritim næring; Forsvaret, Maritimt opplæringskontor og Opplæringskontoret i Austevoll. Fylkeskommunen har hatt tett dialog med alle desse tre for å kartlegge læreplass-situasjonen, og tilbakemeldingane frå møte med alle desse aktørane er ein viss optimisme og at fleire rederi, mellom dei fergeselskapene, aukar lærlinginntaket i 2015. Vi vil følgje dette nøye og kjenner oss rimeleg trygge på at alle søkerar med ungdomsrett vil få eit tilbod om plass i 2015, men vi kan kome til å måtte bruke Statsraad Lemkuhl også i 2015.

